



Møteprotokoll

Sjernarøy sokneråd

Møtedato: 30.01.2024 kl. 19:00

Møtestad: Innbyggertorget

Arkivsak: 23/05399

Til stades: Kari Hidle (tlf frå Helgøy venterom), Håkon Arne Eide, Else Norheim, Ola Aasland Vold (teams)

Frammøtte
varamedlemer: Anne Skogen

Forfall: Ragnhild Frøyland, Sissel Haavik Vadla, Benny Tysdal Helgeland

Andre: Reidun Bråtveit og Arne Sigurd Mossige

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKLISTE

Side

Godkjenning av innkalling og sakliste

[1/24](#) Godkjenning av innkalling og sakliste 2

Godkjenning av protokoll

[2/24](#) Godkjenning av referat frå forrige møte. 2

Saker til behandling

[3/24](#) Møteplan for hausten 2024 3

[4/24](#) Godkjenning av mandat til diakoniutvalet. 4

[5/24](#) Oppnemning av delegat til årsmøte i Kirkens SOS Rogaland 4

[6/24](#) Oppnemning av representant til trusopplæringsutvalet. 5

[7/24](#) Fasteaksjonen 2024 5

[8/24](#) Planlegging av soknemøte våren 2024 6

[9/24](#) Jubileumsmarkering - kyrkjebåten i vårt sokn mai 2024 7

[10/24](#) Førebuande sak til handlings - og økonomiplanen for 2025 - 2028 7

Orienteringssaker

[11/24](#) Orienteringssaker. 8

Eventuelt

Finnøy , 16.07.2024

Kari Hidle

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	1/24

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

2/24 Godkjenning av referat frå forrige møte.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	2/24

Forslag til vedtak

Endeleg referat frå forrige møte vert godkjent.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Referat frå forrige møte vert endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

3/24 Møteplan for hausten 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	3/24

Forslag til vedtak

Møteplanen vert vedteken slik den ligg føre.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Møteplanen vert godkjent slik den låg føre. Tirsdag 24. sept. kl 19 – 2100 i Sjernarøyane eller Ombo og tirsdag 19. nov. ca kl 1900 – 2030 på Innbyggartorget.

[Lagre vedtak]

4/24 Godkjenning av mandat til diakoniutvalet.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	4/24

Forslag til vedtak

Mandatet til diakoniutvalet vert godkjent slik det ligg føre.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Mandat til diakoniutvalet vert godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

5/24 Oppnemning av delegat til årsmøte i Kirkens SOS Rogaland

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	5/24

Forslag til vedtak

Soknerådet utnemnertil utsending til årsmøtet.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Dagleg leiar Heidi Bø Sangedal stiller som soknet sin delegat til årsmøte.

[Lagre vedtak]

6/24 Oppnemning av representant til trusopplæringsutvalet.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	6/24

Forslag til vedtak

Marianne Mjølhus oppnemnst til representant i trusopplæringsutvalet ut 2025.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Marianne Mjølhus oppnemnst til representant for trusopplæringsutvalet ut 2025

[Lagre vedtak]

7/24 Fasteaksjonen 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	7/24

Forslag til vedtak

Fasteaksjonen i Sjernarøy sokn vert gjennomført med stand på butikkane.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Fasteaksjonen vert gjennomført med stand på butikkane i Sjernarøyane og på Eidssund. Standen er enten 15. eller 16. mars.

Staben avtaler med konfirmantane og butikkane og kva for dag som passar. Dei får bøsse onsdag 13. mars. Kari får bøsse til Nord Hidle. Det vil bli laga sak i Øyposten og annonsert på dette skjer i same avis, samt på Kyrkja i Finnøy Bøssene leverast på kontoret innan onsdag 20. mars.

[Lagre vedtak]

8/24 Planlegging av soknemøte våren 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	8/24

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek at ein har soknemøte med årsmelding og rekneskap for 2023 og evt andre saker etter gudstenesten i Jørstad kyrkje 26. mai kl 1330

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Soknerådet vedtek at ein har årsmøte med årsmelding og rekneskap for 2023 og evt andre infosaker etter gudstenesten i Jørstad kyrkje 26. mai kl 1330 Det blir kyrkjekaffi.

[Lagre vedtak]

9/24 Jubileumsmarkering - kyrkjebåten i vårt sokn mai 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	9/24

Forslag til vedtak

Me drøftar gjennom idear til markering av jubileumet og emblem til seglet og eines om ein plan i møtet.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Sjernarøy sokneråds vedtak

Me høyrer med det soknet som har båten før oss om me kan bruke den 9. mai som er Kristi Himmelfartsdag og då er det gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Evt kan me då bruke båten i samband med gudstenesten. Om ikkje dette går kan me tenke ut eit arrangement i marsmøtet.
Ang. emblem er forslaget å lage dette med eit omriss av øyane i Sjernarøyane og Bandåsen. Håkon spør Tomas Bjerga om å lage dette. Heidi sender info og materiell til Håkon.

[Lagre vedtak]

10/24 Førebuande sak til handlings - og økonomiplanen for 2025 - 2028

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	10/24

Forslag til vedtak

Saka drøftast i soknerådet og ein kan komme tilbake til konkrete innspel.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Møtebehandling

Prioriteringsområder: Sjernarøy kyrkje: Grusgong og mur – rehabilitering (obs det er to freda steinar i muren som er der no) Glasmonter til gamle gjenstandar deriblant glasmaleri frå 1651 og Biblar. Evt restaurering av glasmåleriet – ta kontakt med Elisabeth Voss Sinnerud i Nidaros tlf.: 98617571 Skinnet på alterringen treng rehabilitering – me må skaffe til veie eit kostnadsoverslag. Varmt vatn til toalettene. Jørstad kyrkje: Nytt toalett m/vannspyling.

Sjernarøy sokneråds vedtak

Heidi jobbar med desse sakene fram til ca medio februar og lagar eit forslag.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

11/24 Orienteringssaker.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Sjernarøy sokneråd	30.01.2024	11/24

Forslag til vedtak

Sakene vert tatt til orientering.

Møtebehandling i Sjernarøy sokneråd 30.01.2024:

Møtebehandling

Kort orientering om årsstatistikk dette ligg ved. Årsmelding kjem til neste møte. Foreløpig rekneskap er ikkje klart.

Konfirmantjubileum – blir bestemt i neste møte om me skal ha dette.

Me vil ønske medlem i DNK velkommen med eit kort og brev frå Sjernarøy sokn.

Ymse

Rådsleiarsamling 16. mars kl 10 – 16 på Statens hus. Kari kan ikkje reise. Heidi sender forespørsel til andre i rådet.

Oppslagstavla ved Sjernarøy kyrkje treng vedlikehald. Heidi sjekker dette med vaktmeister Bjarte.

Jubileum 2025 – det er motteke kr 15 000,- Skuta Caroline av Sandnes er innleigd. Håkon er i gong med eit opplegg med tanke på skuleborn. Planen er at det skal bli laga eit bilde som skal overrekkjast i Stavanger. Me søker nye midler til dette frå bispedømet til hausten.

Kyrkjekaffi i Sjernarøy – Anne lagar kaffimat til skjærtorsdag, me kjem tilbake til dei andre søndagane i neste møte.

Sjernarøy sokneråds vedtak

Sakene vert tatt til orientering.

[Lagre vedtak]

Eventuelt

Fokus trusopplæring — Reidun Bråtveit var med i møtet. Hadde med trusopplæringsrapport for 2023. Dialog mellom trusopplærar og sokneråd. Me sender ut rapport for trusopplæringa 2023 til alle soknerådsmedlem inkl vara på mall og legg denne ut på finnoykyrkja.no

Kort rapportering om økonomi v/Arne S Mossige - Arne hadde rapportar og viste trusopplæringsrekneskapet slik det ser ut pr. 30.jan. – 24 Det ser ut til å bli eit underskot på om lag 4000,- som må dekkast inn av dei tre sokna. Det blir sterkt oppfordra til å auke givertenesten til dette formålet. Behovet er ei auke på om lag 40 000,- samla frå sokna for 2024

Han viste og til disponering av innsamla takkoffer og samanlikna med kyrkjelydane i heile Stavanger.

Det ser ut til å bli eit underskot for Stavanger krk fellesråd i 2023 – det manes derfor til nøktern bruk av kostnader som dekkes av Fellesrådet framover. Prioritere det me må ha og ikkje det som kan vere kjekt å ha.